



Det kongelige Landbruks- og matdepartement

Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2013/607	6483/2013	SKAARA	V30	27.05.2013

**MELDING OM VEDTAK I LANDBRUKSNEMNDA 23.05.13, SAK PS 28/13:
HØYRING - FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL DRENERING AV JORDBRUKSJORD**

Saksprotokoll i Landbruksnemnda - 23.05.2013

VEDTAK:

Landbruksnemnda syner til utkast til *forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord* som er sendt ut på høyring.

Landbruksnemnda ser det som positivt at ein innfører tilskot til drenering. Det har opparbeidd seg ein stort behov for dreneringstiltak. Ørsta har mykje nedbør som krev god drenering av jordbruksareala, og ofte vert drifta vanskeleg i nedbørsintense periodar.

Landbrukseigedomane er mykje teigdelte og mange har små teigar.

Forskrifta og ordninga må difor leggjast til rette for at og gardbrukarane her i området kan nytte seg av ordninga. Teigdelinga og eigedomsstrukturen gjer at kravet til kr 5.000 per søknad er for høgt. Minimumsbeløpet må justerast ned om ikkje for mange gode tiltak skal falle utanfor ordninga, og ikkje verte moglege å realisere.

Landbruksnemnda meiner at tilskotet bør aukast frå kr. 1000 til kr. 2000 per dekar og frå kr. 10 til kr. 20 pr meter grøft.

Handsaminga (4 r.f.)

Fellesframlegg:

Landbruksnemnda meiner at tilskotet bør aukast frå kr. 1000 til kr. 2000 per dekar og frå kr. 10 til kr. 20 pr meter grøft.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken m/tillegg.

Rett utskrift av møteprotokollen 27.05.13

Åshild Steinnes
førstesekretær



ØRSTA KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Børild Skåra

Arkivsak: 2013/607

Løpenr.: 6167/2013

Utvalsaksnr.
28/13

Utval
Landbruksnemnda

Møtedato
23.05.2013

Saka gjeld: **HØYRING - FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL DRENERING AV JORDBRUKSJORD**

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Landbruksnemnda syner til utkast til *forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord* som er sendt ut på høyring.

Landbruksnemnda ser det som positivt at ein innfører tilskot til drenering. Det har opparbeidd seg ein stort behov for dreneringstiltak. Ørsta har mykje nedbør som krev god drenering av jordbruksareala, og ofte vert drifta vanskeleg i nedbørsintense periodar.

Landbrukseigedomane er mykje teigdelte og mange har små teigar.

Forskrifta og ordninga må difor leggjast til rette for at og gardbrukarane her i området kan nytte seg av ordninga. Teigdelinga og eigedomsstrukturen gjer at kravet til kr 5.000 per søknad er for høgt. Minimumsbeløpet må justerast ned om ikkje for mange gode tiltak skal falle utanfor ordninga, og ikkje verte moglege å realisere.

Utskrift:

Det kongelige Landbruks- og matdepartement, Postboks 8007 Dep, 0030 Oslo

Saksvedlegg:

1. Høring forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord Landbruksdepartementet, dagsett 22.04.2013

Samandrag av saka:

Med henvisning til Prop. 122 S (2011-2012) Jordbruksoppgjøret 2012 sender Landbruks og matdepartementet ut forslag til forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord på høyring.

Saksopplysningar:

Det kongelige landbruks- og matdepartementet har sendt ut framlegg til forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord på høyring, og kommunane har mellom høyringspartane. Fristen for å kome med uttale er 31.mai 2013.

I jordbruksforhandlingane i 2012 vart ein del av tilbodet støtte til grøfting. Ein har no fått laga framlegg til forskrift, og ein har mål om å få forskrifta ferdig i løpet av juni slik at kommunane kan starte arbeidet med å handsame søknader etter ordninga over ferien.

I tittelen på forskrifta ha ein med vitande ikkje brukt nemninga grøfting men **drenering**. Det skuldast at ordninga skal gjelde tiltak som drenering (avskjeringsgrøfter), grøfting, systematisk grøfting, profilering og omgraving.

Den økonomiske støtta (tilskotet) er foreslått til kr 1.000 pr dekar ved drenering, systematisk grøfting, profilering og omgraving. Ved anna grøfting (som ikkje er systematisk) er satsen kr 10 pr løpemeter. Slik vi forstår forslaget så skal ikkje søknadane innehalde kostnadsoverslag, men arealet og metoden skal avgjere støttegrunnlaget.

Det er vidare forslag om ein får å få støtte må drenere med eit omfang som gir minst eit tilskot på kr 5.000. Det vil seie at ein minimum må drenere, systematisk grøfte, profilere eller omgrave 5 daa, eller grøfte usystematisk i ei lengde av 500 m.

Det er kommunane som skal fatte vedtak om tilskot, og Fylkesmannen er klageinstans.

Vurdering og konklusjon:

Ut frå erfaringane vi har frå tidlegare i kommunen synest 5 daa eller 500 m grøft mykje ut.

På Sunnmøre har vi mykje små teigar som er mindre enn 5 daa. Bruka er små og teigblandinga omfattande. Mange har difor jorda fordelt på mange og små teigar.

Likeins så vil 500 meter grøft vere mykje om ein skal grøfte usystematisk eller lage til dømes ei opa avskjeringsgrøft. Ofte er dreneringsproblema knytt til mindre våte parti som treng grøfter av langt mindre omfang.

Ut frå dette meiner vi at minimum berekna tilskot må justerast godt ned under kr 5.000.

Ørsta, 16.05.2013



Liv Bente Viddal
seksjonsleiar



Børild Skåra
rådgjevar jordbruk